

Oppsummering og fråsegn fra landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Oppmålingsforretning i samband med oppretting av ny grunneigedom frå gbnr.428/123.

Oppmøte: Berre Bjørn Kåre Vågenes- kjøpar møtte. Landmålar hadde synfaring i lag med Nils-Helge Teigen frå Vestland fylkeskommune den 24.05.2022.

Grunnboka er undersøkt for gbnr. 428/123. Kjøpar informert om at det er tinglyst eit pantedokument på eigedomen.

Grenser sett ut/ og innmålt i samsvar med formålsgrense mellom anna vegareal og friområde i reguleringsplan for Kvalheim nedre planid:12602006000100, partane sine påstandar og i samsvar med delingsløyvet. Grenser for den nye grunneigedomen vert definert av rette liner mellom punkta G01, G02, G03, G04 og G05 i kartvedlegg til denne protokollen. Grenselina G03, G04, G05 er bestemt i tidlegare oppmålingsforretning i samband med oppretting av gbnr 428/190.

Nye grensemerker er målte inn ved hjelp av gps den 31.05.2022. Målingane er utført etter standard for eigedoms måling. Målingane tifredstiller krava til nøyatighet sett i standarden.

Grense mot sjø vert henta frå teiggrense i matrikkelen.

Rettar: Ikkje opplyst om rettar på aktuelt areal.

Den nye grunneigedomen har eigedomsrett i sjø så langt ut som privat eigedomsrett gjeld. Eigedomsgrense i sjø vinkelrett ut frå rett linje mellom punkta G01 og G02.

Protokoll med oppfordring om underskrift dersom ein godkjenner det som er gjort til heimelshavar til gbnr 428/123; Kobbevågen vel v/ Øyvind Ask. I følgje telefonsamtale med Ask etter at varsel om oppmålingsforretninga vart sendt ut har han gått av som styreleiar. Ny styreleiar skal vere Thore Thoresen. Dette er pr. no ikkje oppdatert i matrikkelen eller i Brønnøysundregisteret. Protokollen vert derfor sendt til begge.

Kopi av protokoll til alle partar.

Forretninga vert anbefalt matrikkelført.

GODKJENT FØR KURBEVÅGEN VEL
14.06.22 FREKHAUG.
Yore Thoresen.

Stad	Dato	Underskrift
Frekhaug	31.05.2022	Kjartan Medås